

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre

SAKLISTE

- 001/12 DELEGASJONSSAKER
- 002/12 SKRIV OG MELDINGAR
- 003/12 AKTIVITETSANLEGG BREKKE. SPELEMIDLAR 2011
- 004/12 GRUNNLOVSJUBILEET 2014
- 005/12 HOVDEN II BUSTADFELT - AUKA PROSJEKTKOSTNAD OG JUSTERING AV BUDSJETT
- 006/12 INTERKOMMUNAL LEGEVAKT
- 007/12 NY RAMMEAVTALE MELLOM KOMMUNANE OG HELSE FØRDE
- 008/12 HØYRING OM GULEN, SOLUND OG MASFJORDEN LENSMAANSDISTRIKT

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 12.00.
Sakstifanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Vestlandskysten i vinden

I juledagane feia orkanen «Dagmar» over heile vestlandskysten, og gjorde store skader fleire stader, og viste oss kor lite vi har å stille opp med når naturkreftene set inn. Vi i Gulen kom heldig frå det denne gangen, med små skader, og vi var berre straumlause i nokre timar. Dei kommunane som låg nordafor oss vart mykje hardare råka.

Men at det bles på vestlandskysten er ikkje noko nytt, og no er det i vinden å utnytte dette ved å sette opp vindkraftturbinar på dei mest vindutsette toppane langs heile kysten. Her i Gulen er det søkt konsesjon om fire parkar med totalt inntil 150 vindmøller. Desse planane ligg no ute til høyring fram til 12. mars, og så skal kommunestyre sei si meining den 29. mars. Den endelege avgjera er det NVE som tek.



Dette er ei sak som engasjerer folket i kommunen, og på dei folkemøta som har vore om saka så har der vore mykje folk, og mange meiningar. Folket i Gulen skil seg nok ikkje frå andre kommunar der vi ser at meiningane er delte.

Og dette er ei viktig sak for framtida til kommunen vår. Det er store naturinngrep ein legg opp til, med vegar opp på fjellet, og høge turbinar som vert synlege på lange avstandar. Alt dette for ein kraftproduksjon som ikkje er økonomisk lønnsam.

Motstykket er at kommunen og grunneigarar får inntekter på fleire mill. i året i form av kompensasjon og eigedomsskatt. Dette er for kommunen kjærkomne inntekter til eit elles stramt budsjett, men er det nok i forhold til ulempene?

Det er dette som vert spørsmålet vi folkevalde må ta stilling til den 29. mars, skal vi sei nei til alle? Ja til alle? Eller skal vi gå for eit eller to? Det er viktige avgjerder som skal takast, og så håpar eg at mange av innbyggjarane i kommunen engasjerer seg vidare, og sender inn merknader i høyringsrunden.

Hallvard Oppedal
ordførar



Kunngjering - budsjett 2012 og økonomiplan 2012-2015

Budsjett for Gulen kommune 2012 og økonomiplan 2012–2015 vart vedteke 15.12.10, i K.sak 113/11. Forskrift for kommunale gebyr og avgifter m.m. for 2012 vart vedteke same dato. Du finn detaljinformasjon på www.gulen.kommune.no.

Plan-nytt



Nærare informasjon finn du på heimesida.

www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

Kommunen vil gjerne oppmode innbuarar av Gulen om å halde fokus på planar via Infoposten og heimeside!

I dag pågår 24 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for Sløvåg – Steine – Skipavik

Framlegg for 2. gongs offentleg gjennomsyn vart drøfta i formannskapsmøte 2.2.2012 og utsett til neste møte.

Kommunedelplan for Eivindvik

Planforslag for 1. gongs offentleg gjennomsyn blir utarbeida.

Kommunedelplan for Trafikktrygging

Planarbeidet for planen pågår.

Kommuneplanen for Gulen kommune

Formannskapet er informert om oppdatering av samfunnsdelen og planstrategi.

Reguleringsplanar

* Godkjenning av Plan for:

- Randal hyttegrend endring, vedteke 15.12.2011
- Instefjord vegkryss, vedteke 15.12.2011

* 1. gongs offentleg gjennomsyn:

- Ferjekai Oppedal E39, frist 27.01.2012

* Administrativ vurdering av planforslag pågår:

- Krekebærtua, Gbnr. 94/5, Bremnes
- Sollibotn Hyttegrend endring
- Kvernevågen, spreidd bygningar
- Vatsvik hytter, 83/4,5, endring

* Planarbeid pågår:

- Storevågsneset, Gbnr. 75/4,5, Brandanger
- Tausevågen, Gbnr. 95/19+, Byrknesøy

Informasjon frå biblioteket

Fram til ny biblioteksjef startar - vert det ope slik på biblioteket:

måndag: 12-15 (Sigrid Solberg)

torsdag: 15-19 (Astrid Sandvik)

Det er sett opp info i vindauget på biblioteket.

Kommunal koordinator

For alle henvendingar som gjeld re- og habilitering, og individuell plan - ta kontakt med:

Wenche Leite

Kommunal koordinator

Kontor: Gulen Sjukeheim, kontorfløy 2. etg.

Tlf: 57 78 16 88

Mob: 945 06 790

Kriseteamet i Gulen kommune

Gulen kommune har eit kriseteam som består av prest, lensmann, lege, helsesøster/ psykiatrisk sjukepleiar og barnevernsleiar.

Teamet, eller medlemmar av teamet, kan kontaktast via legevakt, lensmann eller prest i akutte kriser som:
alvorleg ulukke, brå død, alvorleg sjukdom og ved bekymring for barn/unge der omsorgspersonar vert akutt fysisk eller psykisk sjuke.

Kriseteamet bistår beredskapsleiinga i kommunen ved større ulukker.

Leiar for kriseteamet er: Tommy Norman, telefon 918 82 052

Resultat frå jakta 2010

Nedanfor ser du ei oversikt over resultatet frå jakta 2010. I tillegg syner tabellen resultat frå tidlegare år.

År	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Tildelt totalt	454	710	638	603	516	481	454
Felt hannkalv	42	69	64	59	44	40	42
Felt hokalv	38	69	53	51	50	37	38
Felt hann 1,5 år	69	87	99	103	84	62	69
Felt ho 1,5 år	68	110	86	99	81	74	68
Felt hann eldre	83	144	122	100	94	89	83
Felt ho eldre	90	149	142	130	113	80	90
Felt totalt	390	628	566	542	466	382	390
Fellingsprosent	85,9	88,45	88,71	89,88	90,31	79,42	85,9

ABC Demensomsorg



I januar 2012 starta over 60 personar i Gulen ei tverrfagleg opplæring i demensomsorg. Opplæringa skal gå over 2 år og dei som deltek er helsepersonell innafor pleie- og omsorg. I tillegg til deltakarane frå vår eigen kommune har demensteamet i Gulen invitert helsepersonell frå Hyllestad og Solund.

Dei tre hovudelementa i studieprogrammet er:

- Studiemateriale
- Seminar
- Studiegrupper

Studiematerialet består av to permar med til saman 23 temahefte. Den første permen omhandlar i hovudsak demenssjukdommar, medan den andre permen omhandlar først og fremst miljøtiltak og behandling. Permane er utgitt av Nasjonalt kompetansesenter for Aldring og Helse. *Fagstoffet inneheld talrike eksempel, problemstillingar og arbeidsoppgåver som deltakare vil kjenne seg att i frå eigen kvardag. Materialet er av høg kvalitet, oppdatert og svært aktuelt.*



(Deltakarar frå Byrknes og Brekke)

Opplæringa starta med eit oppstartseminar i Leirvik der alle deltakarane frå dei tre kommunane var til stades. Vidare skal det gjennomførast eit fagseminar kvart ½ år, tilsaman 4 seminar. Det er Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane som står for det faglege innhaldet på seminara. Målet med desse seminara er: Erfaringsutvikling, fagleg påfyll og motivasjon for vidare arbeid.

Studiegruppene er kjernen i arbeidet med studien. Gruppene består av 6 – 8 deltakarar. Dei er tverrfagleg samansett og på tvers av arbeidsstad. Deltakarane møtest kvar 3. veke, i ca. 1,5 time. På førehand har alle førebudd seg ved å lese eit bestemt temahefte. Gruppene er

sjølvstyrde og gruppeprosessen er drivkrafta i opplæringsmodellen:

- Mangfald gir spanande høve til læring.
- Modellen aukar forståing for kvarandre sin arbeidssituasjon, og gir høve til betre samarbeid.
- Ein får sett på problemstillingar frå fleire sider slik at ein får ein breiare diskusjon.

Alle deltakarane får ved gjennomført studie eit studiebevis utstedt frå *Nasjonalt kompetansesenter for Aldring og helse*. Beviset kan brukast til realkompetansevurdering, ved utdanning til helsefagarbeidar og fagbrev, og gir uttelling i klinisk fagstige /klinisk spesialist. Det overordna målet med opplæringa er: Å få helsepersonell som er motivert, har høg kompetanse og som gir kunnskapsbasert pleie og omsorg til pasientane i kommunen vår.

Demensteamet i Gulen kommune

Tlf. 416 10 972 eller 95 70 25 51

frå måndag til fredag, kl.12.00- 16.00.

Takkehelsingar

Bebuarar, brukarar og personale i Sone Eivindvik- Gulen sjukeheim vil takke så mykje til lag, organisasjonar og privatpersonar for gåver som er gitt til sona og sjukeheimen i 2011. Ei særskild takk til Ruth Tveit og Hildegunn Rutledal som har vore initiativtakere til at Eivindvik bu- og omsorgssenter har fått på plass eit flott orgelpiano.

Og takk til Brekke helselag og Eivindvik sanitetslag som arrangerte så trivelig juletreff på sjukeheimen og Eivindvik bu- og omsorgssenter.

Mvh
Nina Haveland
-einingsleiar-

Hjarteleg takk for minnegåver v/ Ola Byrknes sin bortgang.
Helsing bebuarar og personalet v/ Byrknes bu- og omsorgssenter.

Med venleg helsing
Eva Vågheim
Einingsleiar Sone Ytre Gulen

Dette skjer i kyrkja

5.februar kl.11.00

Gudsteneste i Brekke kyrkje



12.februar kl.11.00

Familiegudsteneste i Mjømna kyrkje

19.februar kl.11.00

Gudsteneste i Gulen kyrkje

26.februar kl.15.30

Gudsteneste i Brekke kyrkje

1.mars kl.20.00

Salmekveld i Brekke kyrkje

4.mars kl.11.00

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

11.mars kl.11.00

Familiegudsteneste i Gulen kyrkje

18.mars kl. 20.00

Salmekveld med Eivind Skeie

25.mars kl.11.00

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

Frivillig-sentral i Gulen

Det blir no sett i gang eit arbeid med å utgreie ein Frivillig-sentral i Gulen. Kommunestyret har bestemt at ein søknad om frivillig-sentral skal vere klar til juni.

Kyrkja i Gulen har i to år drive «Møteplassen», som er eit tilbod for folk frå heile kommunen. «Møteplassen» er lokalisert i Eivindvik (under politikontoret), og er ope tysdag, torsdag og fredag. Her er det høve til å prate, vente saman med nokon, gjere litt aktivitetar og få kaffi/te og vaflar. Staden vert driven av frivillige, på dugnad. Gulen kommune betaler eit tilskot til husleiga, og har i vilkåret for dette bede om at ein også vurderer å bli ein frivillig-sentral. Det er sett ned eit interimstyre for å utgreie / utarbeide søknad; Hallvard Oppedal (ordførar), Kari Øvstedal, Anne Ytrøy og Trude Brosvik (kyrkjeverje).

Viss vi skal få til ein frivillig-sentral, så er vi avhengige av frivillige. Vi vil utfordre lag og organisasjonar om å bli medlemmer hos oss, slik at vi har litt folk å spele på. I første omgang vil pensjonistlaga få spørsmål om å bli med.

Det kan vere mykje som kan kome inn under arbeidet til ein frivillig-sentral. Alt frå hjelp til å skifte lypærar og måke snø, til ulike arrangement og matombering. Løysingane er ulike frå kommune til kommune. Hovudmålet er å kople dei som vil gje av tida si til dei som treng å få hjelp til noko.

Er laget ditt villig til å vere med på dette? Vi treng nokre viljeserklæringar om støtte viss vi skal få til dette.

Ta kontakt med

trude.brosvik@gulen.kommune.no

eller mobil: 913 14 389

Viss du vil vite meir om frivillig-sentralar, så kan du sjå på <http://www.frivilligsentral.no>

Konsert i Brekke

Klassisklinja på Viken FHS skal ha vestlandsturne i veke 8, og tar med dette turen innom Brekke for halde ein liten kyrkjekonsert. Konserten vil vare i ca 1 time og er gratis. Alle som vil kan komme og høyre!

Ragnhild Oppedal - Piano
Ingrid Songstad Rabbevåg - Tverrfløyte
Sander Rosøy - Piano
Olav Martinsen - Vokal
Solveig Sæther - Piano
Terry Santillan - Blokkfløyte
Marthe Haug-Aa - Orgel/Piano
Jonas Solsvik - Fele
Konrad Werner - Piano

Grunnen til vestlandsturneen er at det er mange på linja som kjem frå dette området, og kunne tenkje seg ein konsert i heimbygda si. No er det Ragnhild si heimbygd som står for tur! Gruppa har tidlegare vore på turne i Stavanger, og det gjekk veldig bra.

Kammermusikkonsert

**Gulen kyrkje,
søndag 12. februar kl 18**

Velkomen til ei konsertoppleving med musikk av dei romantiske komponistane Schumann og Brahms, med Pavel Girunyan, klarinett. og Irina Girunyan, piano, båe utdanna i Russland og Tyskland og no busett i Solund, der Irina er organist og kulturskulelærar. Bilettar: Vaksne kr 100,-, born under 14 år gratis.